

Eigils-soga

-27-

Første Finnmarks-ferda til Torolv.

10. Torolv tok om vinteren ut på ei ferd til fjells og hadde med seg mykje mannskap, ikkje mindre enn 90 mann. Før hadde det vori skikk at systemennene hadde hatt berre tretti mann, stundom færre og. Torolv førte med seg mange handelsvarer. Han sette snart stemnelag med finnane og tok skatt av dei og hadde kjøpstemne med dei. Det gjekk alt i fred og venskap mellom dei, men stundom sette han støkk i dei. Torolv for vide om i Finnmarka.

Da han drog austetter på fjellet, spurde han at det var kommi nokre kylvingar² austafra, og dei fór der og handla med finnane, og somstad for dei med ran òg. Torolv sette nokre finnar til å speida om ferda deira, og fór så etter for å leita dei opp. På ein bustad råka han 30 mann, som han drap alle, så ingen kom seg unna. Sidan råka han 15 eller 20 saman. I alt drap han nære på hundre³ mann og tok ei mengd med gods, og kom att om våren med så gjort.

² *kylvingar*, d. e. kolbjagar, eit folk i Gardarike.

³ *hundre* tyder i gammalnorsk vanleg 120 («stort hundre»).

Torolv fór da til garden sin på Sandnes, og var der lenge utpå våren. Han let gjera eit stort langskip med drakehovud på. Det budde han som best han kunne, og tok de søretter med seg. Torolv var svær til å sopa til seg av all den rikdom som der da var på Hålogaland; han hadde folk i sild-vær og på skreifiske; sel-vær var det òg nok av, og egg-vær, — avdrått av alt slikt let han føra til seg. Han hadde aldri færre enn hundre løysingar¹ heime. Han var ein raust mann og gjev mild, og vart godven med alle dei storfolka som budde der i nærleiken. Han vart ein mektig mann, og la mykje vinn på å vera godt budd med skip og våpen.

Andre Finnmarks-ferda til Torolv.

14. Torolv for denne vinteren og til Finnmarka, og hadde med seg nære hundre mann. Han fór fram som førre vinteren, hadde kjøpstemne med finnane og for vidt omkring i Finnmarka. Han drog langt austpå, og da ferda

¹ ein *løysing* er d. s. s. ein frigjeven træl..

hans spurdest der, kom det kvener til han og sa at dei var sende til han av kong Faravid av Kvenland. Dei fortalde at karelane¹ herja i landet hans, og difor ville han be Torolv komma dit og hjelpa han. Den ordsending følgde med, at Torolv skulle få like stor lut av hærfanget som kongen, og kvar mann i følgjet hans som tre kvener. Kvenene hadde den lov at kongen skulle ha ein tredjepart av alt hærfanget, og dessutan skulle han ha alle bjorskinn, sobelskinn² og mårskinn. Torolv la dette fram for følgjesmennene sine, og baud dei velja om dei skulle fara eller ikkje. Dei fleste valde å våga til når det var så stort eit hærfang å vinna, og det vart avgjort slik at dei for austetter med sendemennene.

Finnmarka er ovleg vid. Vestafor ligg havet, og derifrå skjer store fjordar seg inn; såleis og nordafor og heile vegen austanom. Sønnafor ligg Noreg. Finnmarka femner om mest heile det øvre landet like langt sørsetter som Hålogaland det ytre landet. I aust for Namdalen ligg Jemtland og så Helsingland og så Kvenland, så Karelen. Finnmarka ligg ovanfor alle desse landa, og der er store fjellbygder der oppe, noko i dalar og noko ikring vatn. I Finnmarka er vatna furdeleg store, og der attmed vatna er store skogvidder; høge fjell ligg endelangs etter Finnmarka, og dei blir kalla Kjøler³.

Da Torolv kom aust til Kvenland og råka kong Faravid, så heldt dei nett på og budde seg til ferda, og hadde tre hundre mann; med nordmennene vart det no fire hundre. Dei for øvre vegen over Finnmarka og kom fram til fjellet der dei karelane var som før hadde herja hos kvenene. Da karelane vart vis med ufred, samla dei seg og for imot, og venta siger som før. Men da slaget tok til, gjekk nordmennene hardt fram, og dei hadde traustare skjold enn kvenene. Mannfallet vende seg da til karelane; mange fall, og somme flydde. Kong Faravid og Torolv fekk ei ovmengd med gods, og drog så attende til Kvenland.

¹ *karelane* (gn. *kirjalar*) er eit finlandsk folkeslag.

² *sobelskinn*, eit slag røyskattskinn.

³ *Kjøler*, Kjølen; *kjøl* tyder fjellrygg.

Torolv skildest der i venskap med kong Faravid, og for sidan med folka sine opp i Finnmarka att.

Torolv kom ned av fjellet i Vefsn. Han for da først til garden sin på Sandnes, stogga der ei ri, og fór så om våren søretter med folket sitt til Torgar. Da han kom dit, vart det sagt at Hilderid-sønene om vinteren hadde vori i Trondheim hos kong Harald, og at dei ikkje skulle ha spara på å baktala Torolv for kongen. Torolv fekk vita mykje om kva det var baktalen deira gjekk ut på.

Torolv svara såleis: «Kongen vil nok ikkje tru på det, om dei så fortel slik løgn til han, at eg skulle svika han. Det er ingen grunn til det, for han har i mange ting gjort ovleg vel imot meg, men i ingen ting ille. Det er så langt ifrå at eg skulle vilja gjera han mein, om eg så hadde høve til det, at eg vil mykje heller vera lendmannen hans enn heita konge, når det da var ein annan konge i same landet som kunne gjera meg til trælen sin, om han ville.»

Kilde:

Norrøne Bokverk,

Egilssoga,

DET NORSKE SAMLAGET,

OSLO 1978.